



DEN NORSKE KYRKJA

Arna sokneråd

Om bruk og drift av Arna kyrkjelydshus

1. Føremål og grunnleggande ansvarstilhøve

Arna kyrkjelydshus skal tena arbeidet i kyrkjelyden. Aktivitetane i huset skal primært byggje på Arna sokneråd sine heilskaplege planar og strategiar. Disponering av rom skjer i samsvar med dette, og aktivitetar i regi av soknerådet og dei tilsette i kyrkjelyden, skal ha prioritet. Huset kan vidare nyttast av kristne lag og organisasjonar, og ut over dette til allmennyttige føremål og samkomer av privat karakter.

Soknerådet er ansvarleg for bruk og drift av huset, gjev nærare retningslinjer og rutinar for utlån og utleige, og fastset ordensreglar for bruk av huset. Drifta går inn i soknet sitt årlege budsjett og rekneskap, jf. økonomireglementet. I medhald av reglar om formene for soknerådet og kyrkjeleg fellesråd sine verksemdar § 8, kan soknerådet oppnemne eit husutval, som eit underutval med særskilt ansvar for vedlikehald og andre praktiske tilhøve knytt til drifta av huset. Husutvalet sin plass i organisasjonskartet er på linje med dei andre utvala i kyrkjelyden.

2. Nærare om bruk og utleige

Dei kyrkjeleg tilsette i Arna står for den daglege drifta av kyrkjelydshuset. Dagleg leiar har ansvar for disponering av nøklar, og kyrkjekontoret administrerer utleige slik dagleg leiar til ei kvar tid ser seg tent med å organisere dette. Leiar i Arna sokneråd skal kontaktast ved behov for avklaringar om bruk og utleige.

Soknerådet fastset og regulerer utleigesatsar, og utarbeider standardkontrakt for utleige, evt. etter framlegg frå husutvalet. Utleige av huset må ikkje vere i konflikt med kyrkjelyden sin eigen aktivitet. Drift og vedlikehald skal primært baserast på leigeinntekter, basar og andre tiltak retta mot dette føremålet.

Hus og innbu skal handsamast med varsemd av alle brukarar, og alle skal hjelpa til å halde orden inne og ute. Skade eller defekt på innbu eller utstyr skal meldast til kyrkjekontoret så raskt som råd.

Parkeringsplassen er for besøkande til Arna kyrkje, kyrkjekontor, kyrkjelydshus og kyrkjegard. Bergen kirkelige fellesråd er ansvarlege for plassen, inkl. vedlikehald og brøyting gjennom året.

3. Husutval

Arna sokneråd oppnemner eit husutval med 4 års funksjonstid. Oppnemninga bør finne stad seinast i løpet av januar året etter val av nytt sokneråd.

Utvalet skal ha (minst) 3 medlemmer, inkl. ein frå soknerådet, og 2 varamedlemmer. Begge kjønn bør vere representert. Utvalet konstituerer seg sjølv.

Husutvalet lager ein overordna plan for vedlikehald av huset, ev. behov for mindre ombyggingar, for heile perioden utvalet er oppnemnd.

I god tid før soknerådet skal handsame budsjett for komande år, sender husutvalet framlegg om prioriterte større vedlikehaldsoppgåver som bør ha plass på komande års budsjett. Etter vedtak i soknerådet organiserer husutvalet slikt vedlikehald, anten ved innleigde handtverkarar eller som dugnad, evt. som ein kombinasjon av desse.

Husutvalet har vidare ansvar for å identifisere og utbetre mindre vedlikehaldsbehov innanfor rammene som budsjettet set. Husutvalet kan kalle inn til dugnad, eller engasjere frivillige med særskilt kompetanse for å få utført slikt løpande vedlikehald.

4. Verknadstidspunkt og endringar

Vedtatt av Arna sokneråd 27.08.23, sak 52/23, og gjort gjeldande frå 01.09.23. Innhaldet kan endrast av soknerådet. Ved store materielle endringar bør husutvalet inviterast til å kome med uttale før soknerådet gjer sitt vedtak.

Vedlegg

Ordensreglar for Arna kyrkjelydshus

1. Det som skal føregå i huset, må ikkje vera i strid med formålet med huset.
2. Leigar/brukar skal syta for at ein person som er til stades, er ansvarleg for bruken av huset og hentar og leverer nøkkel.
3. Hus og innbu skal handsamast med varsemnd, og alle brukarar skal hjelpa til å halda orden inne og i området rundt kyrkjelydshuset.
4. Røyking eller bruk og servering av alkohol/rusmiddel er ikkje tillate i huset eller på området omkring.
5. Salong, bord og stolar skal etter bruk plasserast slik det er vist på bilete på veggen.
6. Alle brukte bord skal vaskast og vera reine før stolar vert plasserte. Golvet skal kostast.
7. Kjøkkenet skal vera rydda og koppar og kar reingjorde. Kjøkkenet skal etter bruk vera reint og ryddig. Boskorgene skal tømmast i boden ved inngangspartiet.
8. Ved skader eller øydelegging av inventar eller utsyr, skal det meldast frå til kontaktperson.
9. Ved utleige skal huset vere rydda og låst innan kl.24, om det ikkje er gitt særskilt løyve.
10. Leigar/brukar skal på eige skjema kvittera for mottaken nøkkel og retningslinjer for bruk av huset.